

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger - fylkeshuset, møterom Sygna</b>
<b>Møtedato</b>	<b>23.11.2016</b>
<b>Kl.</b>	<b>12:00 – 14.50</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Jenny Følling, Sp  
Sigurd Reksnes, Sp  
Aleksander Øren Heen, Sp  
Trude Brosvik, KrF  
Åshild Kjelsnes, Ap  
Hilmar Høl, Ap  
Helen Hjertaas, Ap  
Bjørn Erik Hollevik, H  
Gunhild Berge Stang, V**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sakene vart handsama i den rekkjefølgja som framgår under, med unntak av at sak 131/16 vart handsama etter sak 129/16 og at sak 116/16 først vart handsama etter sak 131/16. Sak 130/16 vart handsama til slutt.

Fylkesutvalet vedtok at handsaminga av dokument 1 i sak 130/16 skulle finne stad bak lukka dører, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23, nr. 1.

Fylkesutvalet avgjorde at møtet 5. desember vert tidfesta til kl. 16.00.

Møtet med «Stortingsbenken» som i utgangspunktet var tidfesta til 30. januar 2017, vert flytta til 10. februar 2017.

Fylkesutvalet hadde ikkje merknader til at fylkesordføraren, etter førespurnad frå Skjelstad, inviterer medlem i kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget, André N. Skjelstad, til å vere til stades under fylkestinget si handsaming av saka om regionreforma på Vestlandet den 7. desember.

Møteboka frå 2. november 2016 vart godkjend utan merknader.

**SAK 115/16      Søknad om fritak frå verv - Jorunn Ringstad - eventuelt suppleringsval**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Jorunn Ringstad får fritak frå vervet som medlem i kontrollutvalet for resten av valperioden 2015 – 2019.

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vel som nytt medlem i kontrollutvalet etter Jorunn Ringstad: .....

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Karoline Aldis Bjerkeset vert vald som nytt medlem i kontrollutvalet etter Jorunn Ringstad. Bjerkeset er varamedlem til hovudutval for samferdsle og Nikolai Åshamar vert difor vald som siste vararemedlem til hovudutval for samferdsle.

**Avrøyting:**

Framlegget frå Senterpartiet vart samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Jorunn Ringstad får fritak frå vervet som medlem i kontrollutvalet for resten av valperioden 2015 – 2019.

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget vel som nytt medlem i kontrollutvalet etter Jorunn Ringstad: Karoline Aldis Bjerkeset

Fylkestinget vel Nikolai Åshamar som siste varamedlem til hovudutvalet for samferdsle som erstattar for Karoline Aldis Bjerkeset, som ikkje lenger er valbar til dette vervet.

---

**SAK 116/16      Høyring - Vest politidistrikt sin tenestestads- og tenesteeiningsstruktur**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Med tilvising til høyrbrev med vedlegg frå Vest politidistrikt, dagsett 21.oktober 2016, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til Vest politidistrikt sitt framlegg til ny tenestestads- og tenesteeiningsstruktur:

A: Generelle merknader:

- 1) Fylkeskommunen gir støtte til effektmåla som Justis- og beredskapsdepartementet har vedteke for nærpoltireforma.
- 2) Fylkeskommunen har i ei tidlegare uttale vore kritisk til prosessen som er lagt for gjennomføring av reformer i politiet, jf. oversending om lokalisering av fellesining for løn- og rekneskap, dagsett 3.juni 2016. Fylkeskommunen vil gjenta denne merknaden og be om at politiet legg til rette for ein prosess som gjer det enklare å vurdere tiltak i høve til regionale konsekvensar.

B: Merknader til høringsnotatet:

- 1) Satsingane innanfor endra arbeidsprosessar gjennom bruk av ny teknologi i «Politiarbeid på staden, etterforskingsløftet og felles straffesaksinntak» vil kunne bidra til å nå effektmåla, men slike satsingar kan politimeisteren gjennomføre uavhengig av organiseringa.
- 2) Høringsnotatet viser ein tenestestads- og tenesteeiningsstruktur som er sentraliserande, men viser ikkje om fordeler og ulemper ved denne er vurdert, om alternative strukturar er vurdert og om andre land har gjort erfaringar ved liknande reformer. Tilnærminga svekker difor presentasjonen og gjer det vanskeleg å vurdere regionale effektar og konsekvensar.
- 3) Forslaget til ny struktur manglar kost/nytteanalyse og ei vurdering av administrative og økonomiske konsekvensar. Det viser ikkje kva ressursar som blir frigjorte og korleis desse alternativt kan nyttast for å nå effektmåla. Dette er ein svakheit ved strukturforslaget.
- 4) Sentralisering vil kunne gje tap av lokalkunnskap og nærleik til publikum som lensmennene har i dag. Dette kan gi dårligare føresetnader for å løyse det breie samfunnsoppdraget som politiet har, herunder satsing på førebygging som hovudstrategi. Det manglar ein verdibasert diskusjon rundt kva politi vi skal ha i framtida.
- 5) Fylkeskommunen meiner ein må etablere tre geografiske driftseiningar i Sogn og Fjordane. Ei løysing med ei driftseining og tre tenesteeiningar verkar lite eigna for eit fylke som Sogn og Fjordane og vil kunne gi eit for stort kontrollspenn og dermed ikkje bidra til effektmåla.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Ei viktig føring for inndelinga av driftseiningar og tenestestader må vere korleis politiet kan få til eit best mogleg samvirke med kommunal kriseleiing og andre lokale beredskapsaktørar. På same måte vil det vere viktig at organiseringa legg til rette for eit effektiv samvirke med Fylkesmannen og andre regionale beredskapsaktørar.

**Venstre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland Politidistrikt ikkje vil føre til dårligare verknad av responstidskrava som er vedtekne i Stortinget. Dette gjeld både avstandar mellom tenestestader og responstidskrava ved utrykning.

**Venstre** sette fram slikt framlegg til endring i punkt B, 5:

Stryk punkt om tal geografiske driftseiningar. Erstatte med: Det viktigaste for Sogn og Fjordane fylkeskommune er innhald, evne til rekruttering og ressursar ved dei lokale tenestestadane/tenesteeiningane. Politiet si evne til å drive aktivt politiarbeid i heile fylket må vere førande når det skal takast stilling til talet geografiske driftseiningar.

**Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt B, 5:

Fylkeskommunen meiner ein må etablere 1 geografisk driftseining i Sogn og Fjordane. 1 geografisk driftseining vil best legge til rette for å ha mest mogeleg komplette spesialistfunksjonar i Sogn og Fjordane.

**Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre** sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Oppgåver som vil ligge til GDE går fram av høringsbrevet frå Vest Politidistrikt. I tillegg forventar vi at fleire spesialstoppgåver for heile Vest politidistrikt vert lagt til Sogn og Fjordane som ei geografisk driftseining.

**Avrøyting:**

Punkta A, 1 og 2, samt punkta B, 1 til og med 4, i fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedtekne.

Framleggget frå Senterpartiet og framleggget frå Venstre om nytt punkt om responstid vart samrøystes vedtekne.

Berre Gunhild Berge Stang røysta for framleggget til nytt punkt B, 5 frå Venstre, og framleggget fall.

Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes, Aleksander Øren Heen og Gunhild Berge Stang røysta for punkt B, 5 i tilrådinga frå fylkesrådmannen. Framleggget fall.

Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas, Trude Brosvik og Bjørn Erik Hollevik røysta for Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre sitt framlegg til nytt punkt B, 5. Framleggget vart såleis vedteke.

Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Høgre sitt framlegg om spesialistoppgåver vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Med tilvising til høyringsbrev med vedlegg frå Vest politidistrikt, dagsett 21.oktober 2016, vil Sogn og Fjordane fylkeskommune gi slik uttale til Vest politidistrikt sitt framlegg til ny tenestestads- og tenesteeiningsstruktur:

A: Generelle merknader:

- 1) Fylkeskommunen gir støtte til effektmåla som Justis- og beredskapsdepartementet har vedteke for nærpoltireforma.
- 2) Fylkeskommunen har i ein tidlegare uttale vore kritisk til prosessen som er lagt for gjennomføring av reformer i politiet, jf. oversending om lokalisering av felleseininger for løn- og rekneskap, dagsett 3.juni 2016. Fylkeskommunen vil gjenta denne merknaden og be om at politiet legg til rette for ein prosess som gjer det enklare å vurdere tiltak i høve til regionale konsekvensar.

B: Merknader til høyringsnotatet:

- 1) Satsingane innanfor endra arbeidsprosessar gjennom bruk av ny teknologi i «Politiarbeid på staden, etterforskningsløftet og felles straffesaksinntak» vil kunne bidra til å nå effektmåla, men slike satsingar kan politimeisteren gjennomføre uavhengig av organiseringa.
- 2) Høyringsnotatet viser ein tenestestads- og tenesteeiningsstruktur som er sentraliserande, men viser ikkje om fordeler og ulemper ved denne er vurdert, om alternative strukturar er vurdert og om andre land har gjort erfaringar ved liknande reformer. Tilnærminga svekker difor presentasjonen og gjer det vanskeleg å vurdere regionale effektar og konsekvensar.
- 3) Forslaget til ny struktur manglar kost/nytteanalyse og ei vurdering av administrative og økonomiske konsekvensar. Det viser ikkje kva ressursar som blir frigjorte og korleis desse alternativt kan nyttast for å nå effektmåla. Dette er ein svakheit ved strukturforslaget.
- 4) Sentralisering vil kunne gje tap av lokalkunnskap og nærleik til publikum som lensmennene har i dag. Dette kan gi dårlegare føresetnader for å løyse det breie samfunnsoppdraget som politiet har, herunder satsing på førebygging som hovudstrategi. Det manglar ein verdibasert diskusjon rundt kva politi vi skal ha i framtida.
- 5) Fylkeskommunen meiner ein må etablere éi geografisk driftseininger i Sogn og Fjordane. Éi geografisk driftseininger vil best legge til rette for å ha mest mogeleg komplette spesialistfunksjonar i Sogn og Fjordane.

- 6) Ei viktig føring for inndelinga av driftseiningar og tenestestader må vere korleis politiet kan få til eit best mogleg samvirke med kommunal kriselening og andre lokale beredskapsaktørar. På same måte er vil det vere viktig at organiseringa legg til rette for eit effektiv samvirke med Fylkesmannen og andre regionale beredskapsaktørar .
  - 7) Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland Politidistrikt ikkje vil føre til dårlagare verknad av responstidskrava som er vedtekne i Stortinget. Dette gjeld både avstandar mellom tenestestader og responstidskrava ved utrykning.
  - 8) Oppgåver som vil ligge til GDE går fram av høyringsbrevet frå Vest Politidistrikt. I tillegg forventar vi at fleire spesialstoppgåver for heile Vest politidistrikt vert lagt til Sogn og Fjordane som ei geografisk driftseining.
- 

## **SAK 117/16 Solund - Planstrategi 2016 - 2019**

### **VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet støttar vurderingane av utfordringar som er gjort i den kommunale planstrategien for Solund kommune.
  2. Regional planstrategi bør leggast sterkare til grunn for det kommunale planarbeidet, og drøftingane bør vise kva dette inneber for prioritering av planarbeidet i planperioden.
  3. Kommunen bør i større grad drøfte moglegheitene for interkommunalt plansamarbeid med dei andre kommunane i regionen.
  4. Regional strategisk plan for kysten må forankrast i det kommunale planarbeidet i planperioden gjennom å verte prioritert i planstrategien.
- 

## **SAK 118/16 Endring i forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane**

### **VEDTAK:**

#### **Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta gjeld berre dersom pasienten ikkje får dekka reisa på anna måte.
2. Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane dekkjer skyssutgifter for prioritert klientell i gruppe A (barn og ungdom frå fødsel t.o.m. det året dei fyller 18), gruppe B (psykisk utviklingshemma og utanfor institusjon) og gruppe C2 (eldre, langtidssjuke og uføre med communal heimesjukepleie), jf. lov om tannhelsetenesta. Ordninga inngår ikkje i frikortordningar, og søknader om skyssrefusjon skal handsamast av den offentlege tannhelsetenesta.
3. Det er den rimelegaste reisemåten (buss, båt) som vert dekka. Bil kan nyttast dersom helse-tilstanden til pasienten eller rutetider for offentleg transport tilseier at dette er mest hensiktsmessig.
4. Pasienten/ føresette må sjølv betale reisekostandane og få refundert desse i etterkant.
5. Eigenandelen på kr. 1000,- er per kalenderår.

6. Ved bruk av privat bil vil taksten pr. km følge Helsenorge.no sin standardsats for transport, fastsatt årleg av Stortinget.
  7. Overnatting vert ikkje dekka.
  8. Utlegg for følgje etter at pasienten har fylt 12 år blir ikkje dekka.
  9. Tapt arbeidsforteneste for ledsagar vert ikkje dekka.
  10. Søknad om dekking av reiseutgifter må vere innsendt innan utgangen av året.
  11. Fylkesutvalet er klageinstans.
  12. Forskrifta tek til å gjelde frå 1. januar 2017.
- 

## **SAK 119/16 Jordbruksforhandlingane 2017**

**Frå hovudutvalet for næring og kultur låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Jordbruksoppgeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspeil til jordbruksforhandlingane 2017:
  - a. Det må bli tatt omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom bruk og store avstandar til marknad og omsetning. Verkemidla må styrast slik at små og mellomstore bruk vert tekne i vare.
  - b. Det må bli ei styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovförbasert produksjon av storfekjøt, lammekjøt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
  - c. Det er viktig å legge til rette for betre økonomi i ammekuproduksjonen på mindre og mellomstore einingar. Ledig areal i distrikta må kunne nyttast og økonomien i ammekuproduksjonen må styrkast for buskaper inntil 20 dyr.
  - d. Vi må halde fast på dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekvoter
  - e. For å kompensere for kostnader knytt til topografiske utfordringar, små teigar og bratte areal, bør det innførast eit driftsulempetilskot.
  - f. Tilskot til dyr på beite må aukast.
  - g. Det bør på nytt innførast eit nydyrkingsstilskot.
  - h. Distrikts- og kvalitetstilskotet for industribær må aukast for å styrke økonomien i produksjonen. Pristilskot på økologisk frukt og bær bør aukast.
  - i. Det er stor trøng for grøfting, og grøftetilskotet må aukast. Dette vil også vere eit særskilt klimatiltak.
  - j. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast, og den regionale forvaltninga må halde fram. Regelverket for IBU-midlar bør endrast slik at det vert opna for maksimale tilskot på 40% og ikkje 33% som i dag.
  - k. Vi må utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.

### **Endringsframlegg:**

**Høgre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Jordbruksoppgeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ein i jordbruksoppgeret held fram forenklinga og avbyråkratiseringa av verkemiddelordningane i jordbruket, samstundes som ordningane må sikre ein variert bruksstruktur med jordbruk over heile landet. Ein må fortsette styrkinga av investeringsordningane, og kraftig auke potten til investeringsstøtte slik at fleire og mindre bruk får høve til å investere. Fylkeskommunen ber og om at ein prioriterer tiltak for å ta i vare kulturlandskapet, sikrar bruk av utmarksbeiter og nydyrkning. Fylkeskommunen krev og at eventuelle endringar i dagens tollvern ikkje får negative konsekvensar for anna eksport, spesielt for eksport av fisk og fiskeprodukt.

**Venstre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Jordbruksoppgjeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids - og buplassar.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ein i jordbruksoppgjeret held fram forenklinga og avbyråkratiseringa av verkemiddelordningane i jordbruket, samstundes som ordningane må sikre ein variert bruksstruktur med jordbruk over heile landet. Ein må fortsette styrkinga av investeringsordningane, og kraftig auke potten til investeringsstøtte slik at fleire og mindre bruk får høve til å investere. Fylkeskommunen ber og om at ein prioriterer tiltak for å ta i vare kulturlandskapet , sikrar bruk av utmarksbeiter og nydyrkning.
3. Vi må halde fast på dagens regioninndeling av mjølkekvote

**Avrøyting:**

Bjørn Erik Hollevik røysta for framlegget frå Høgre, og framlegget fall.

Gunhild Berge Stang røysta for framlegget frå Venstre, og framlegget fall.

Tilrådinga frå hovudutvalet for næring og kultur vart deretter samråystes vedteken.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Jordbruksoppgjeret må stimulere til auka produksjon, kvalitet og inntening i landbruket i fylket. Gardsbruka må bli tryggare og meir attraktive som arbeids- og buplassar.
2. Konkrete innspel til jordbruksforhandlingane 2017:
  - a. Det må bli tatt omsyn til fylket sin eksisterande bruksstruktur. I nasjonal samanheng er fylket prega av mange små bruk, vanskeleg topografi, store avstandar mellom bruka og store avstandar til marknad og omsetning. Verkemidla må styrast slik at små og mellomstore bruk vert tekne i vare.
  - b. Det må bli ei styrking av distriktsretta verkemiddel knytt til grovförbasert produksjon av storfekkjøt, lammekkjøt, mjølk og produksjon av frukt og bær.
  - c. Det er viktig å legge til rette for betre økonomi i ammekuproduksjonen på mindre og mellomstore einingar. Ledig areal i distrikta må kunne nyttast og økonomien i ammekuproduksjonen må styrkast for buskaper inntil 20 dyr.
  - d. Vi må halde fast på dagens regioninndeling for omsetnad av mjølkekoter
  - e. For å kompensere for kostnader knytt til topografiske utfordringar, små teigar og bratte areal, bør det innførast eit driftsulempetilskot.
  - f. Tilskot til dyr på beite må aukast.
  - g. Det bør på nytt innførast eit nydyrkingsstilskot.
  - h. Distrikts- og kvalitetstilskotet for industribær må aukast for å styrke økonomien i produksjonen. Pristilskot på økologisk frukt og bær bør aukast.
  - i. Det er stor trøng for grøfting, og grøftetilskotet må aukast. Dette vil også vere eit særskilt godt klimatiltak.
  - j. Rammene for midlar til investering og bedriftsutvikling må aukast, og den regionale forvaltninga må halde fram. Regelverket for IBU-midlar bør endrast slik at det vert opna for maksimale tilskot på 40% og ikkje 33% som i dag.
  - k. Vi må utnytte handlingsrommet som dagens tollvern kan gje for auka pris til produsent.

---

**SAK 120/16      Fjord Invest Såkorn AS - Kapitalauke**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 5 mill. kr til ny aksjekapital i Fjord Invest Såkorn AS. Fylkeskommunen utvidar med dette sin eigardel i selskapet.
2. Aksjekjøpet vert finansiert med tilgjengelige driftsmidlar i 2016. Naudsynte endringar i drift- og investeringsbudsjettet for 2016 vert vedteke i saka «Endringar i budsjettet for 2016», som går parallelt med denne saka til fylkestinget.
3. Fylkestinget forventar at Fjord Invest Såkorn AS får etablert ein breiare eigarstruktur. Fylkeskommunen er budd på å redusere sin eigardel i selskapet som følgje av at nye eigarar kjem inn.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre vedtaket.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til endring i punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Fylkesutvalet forutset at Fjord Invest Såkorn AS får etablert ein breiare eigarstruktur. Fylkeskommunen ønskjer å redusere sin eigardel som følgje av at nye eigarar kjem inn.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Senterpartiet vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med den vedtekne endringa, vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver 5 mill. kr til ny aksjekapital i Fjord Invest Såkorn AS. Fylkeskommunen utvidar med dette sin eigardel i selskapet.
2. Aksjekjøpet vert finansiert med tilgjengelige driftsmidlar i 2016. Naudsynte endringar i drift- og investeringsbudsjettet for 2016 vert vedteke i saka «Endringar i budsjettet for 2016», som går parallelt med denne saka til fylkestinget.
3. Fylkesutvalet forutset at Fjord Invest Såkorn AS får etablert ein breiare eigarstruktur. Fylkeskommunen ønskjer å redusere sin eigardel som følgje av at nye eigarar kjem inn.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre vedtaket.

---

**SAK 121/16      Sogn og Fjordane Fondet AS – Skipingsdokument, vedtekter og aksjonæravtale**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet viser til vedtak om kjøp av aksjar i Sogn og Fjordane Fondet AS, jf. FU-sak 108/16. Fylkesutvalet godkjenner skipingsdokumentet, vedtekten og aksjonæravtalen for Sogn og Fjordane Fondet AS, i samsvar med vedlegg 1-3.

2. Fylkesordføraren får fullmakt til å signere skipingsdokumentet og aksjonæravtalen på vegner av fylkeskommunen.
  3. Fylkesordføraren vert vald som fylkeskommunen sin eigarrepresentant i selskapet med fylkesvaraordføraren som vararepresentant.
  4. Fylkesutvalet forventar at selskapet arbeider og opptrer lojalt i samsvar med dei forventingar fylkeskommunen har som eigar, sjå m.a. Eigarmelding 2016 punkt 1.8.1
- 

## **SAK 122/16 Tunnelløysing på fv. 613 ved Blakset - søknad om fråvik**

### **VEDTAK:**

Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen si fråviksnemnd si tilråding om fråvik frå krav i handbok N500 Vegtunneler:

1. Det vert ikkje gjeve fråvik frå krav til lengde på overgangssone mellom veg i dagen og veg i tunnel.
  2. Det vert gjeve fråvik frå krav til maks stigning i tunnel.
- 

## **SAK 123/16 KVU rv. 7 / rv. 52 Gol - Voss, fråsegn**

### **VEDTAK:**

#### **Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane støttar Statens vegvesen si tilråding om rv. 52 over Hemsedalsfjellet som hovudvegsamband mellom aust og vest.
2. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at dei prosjektutløysande behova om redusert reisetid og transportkostnader for både nærings- og persontransport, og betre vinterregularitet, bør vere avgjerande ved val av nytt hovudvegsamband mellom aust og vest. Rv. 52 over Hemsedalsfjellet er vurdert å tilfredsstille dei prosjektutløysande behova best.
3. E134 er allereie vedteke som nasjonalt hovudvegsamband mellom Vest- og Austlandet. Fylkestinget legg til grunn at E134 vert bygd med arm (diagonal) frå Odda til Bergen. Aust-vest-utgreiinga konkluderte med at dette er det einaste samfunnsøkonomisk lønsame aust-vest konseptet mellom Oslo og Bergen. Med ei slik utbygging av E134 vil det ikkje vere trafikkgrunnlag for å velje rv. 7 som nasjonalt hovudvegsamband aust-vest.
4. Fylkestinget legg til grunn ei framtidig kopling til rv.5, med ferjefritt samband Mannheller – Fodnes og utbetring av kritiske punkt. Ei slik tilknyting kan fange opp store delar av aust-vesttrafikken frå Sogn og Fjordane og delar av Sunnmøre til Austlandet.
5. Fylkestinget i Sogn og Fjordane meiner at E16 må fullførast som planlagt.

---

**SAK 124/16    Tilleggsutgreiing til KVU Rv. 15 Strynefjellet med  
heilårsveg på fv. 63 til Geiranger, fråsegn**

**VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane tilrår alternativ B1 med sidearm til Geiranger som framtidig løysing for rv. 15 over Strynefjellet.
  2. For å unngå oppgradering av dagens tunnelar etter krava i tunnelsikkerheitsforskrifta innan 2019, krev fylkestinget at arbeidet med reguleringsplan for tilrådd løysing vert starta opp så raskt som mogleg.
  3. Når det gjeld sidearm på fv. 63 til Geiranger legg fylkestinget til grunn at planlegging og finansiering må vera ei sak for Møre og Romsdal fylkeskommune.
- 

**SAK 125/16    Stad skipstunnel - Intensjonsvedtak om utgreiing**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane stiller seg positive til å greie ut moglegheita for ein hurtigbåtforbindelse mellom Bergen og Ålesund.
  2. Fylkesutvalet er innstilt på å starte dette arbeidet når Stortinget har gjort forpliktande vedtak om bygging av Stadt Skipstunnel, og vil dekke høvesvis 1/3 av utgreiingskostnaden knytt til etablering av eit eventuelt hurtigbåttilbod Bergen-Ålesund.
  3. Fylkesutvalet føreset at Hordaland og Møre og Romsdal gjer likelydande vedtak og tek resterande utgreiingskostnadar.
- 

**SAK 126/16    Sogn og Fjordane Holding AS - ny konstruksjon**

Fylkesutvalet fann Åshild Kjelsnes ugild til å delta ved handsaminga av saka.

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet ynskjer ei endring i organiseringa av Sogn og Fjordane Holding AS i tråd med vedlagte utkast til nye vedtekter for selskapet.

2. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som kandidat til Sogn og Fjordane Holding AS sitt nye styre for perioden: .....
3. Fylkesutvalet ber styret om å legge til rette for ei ekstraordinær generalforsamling om vedtektsendring og val av nytt styre.
4. Nytt styre trer i kraft fra vedtektenes sine føresegner om styresamansetting er endra og nyval er meldt Føretaksregisteret. Det nye styret vert peika ut for resten av valperioden 2015-2019 og fram til første ordinære generalforsamling etter denne perioden.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak i punkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Fylkesutvalet peikar ut følgjande som kandidat til Sogn og Fjordane Holding AS sitt nye styre for perioden: Hilmar Høl.

**Avrøyting:**

Fylkesrådmannen si tilråding og framlegget frå Senterpartiet vart samrøytes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet ynskjer ei endring i organiseringa av Sogn og Fjordane Holding AS i tråd med vedlagte utkast til nye vedtekter for selskapet.
  2. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som kandidat til Sogn og Fjordane Holding AS sitt nye styre for perioden: Hilmar Høl.
  3. Fylkesutvalet ber styret om å legge til rette for ei ekstraordinær generalforsamling om vedtektsendring og val av nytt styre.
  4. Nytt styre trer i kraft fra vedtektenes sine føresegner om styresamansetting er endra og nyval er meldt Føretaksregisteret. Det nye styret vert peika ut for resten av valperioden 2015-2019 og fram til første ordinære generalforsamling etter denne perioden.
- 

**SAK 127/16      Fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS**

Fylkesutvalet fann Åshild Kjelsnes ugild til å delta ved handsaming av saka.

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane.
2. Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS.
3. Fylkestinget er innforstått med at det i ei samtidig budsjettsak (budsjett 2017) er sett av midlar til å engasjere eksterne rådgjevarar i det vidare arbeidet med denne saka.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet og Arbeidspartiet** sette fram slikt framlegg til tillegg i punkt 1 i fylkesrådmannen si tilråding:

Fylkesrådmannen skal løpende konsultere og orientere fylkesutvalet i saka.

**Avrøyting:**

Framlegget frå Senterpartiet og Arbeidspartiet vart samråystes vedteke:  
Tilrådinga frå fylkesrådmannen, med det vedtekne tillegget til punkt 1, vart samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget ber fylkesrådmannen arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane.  
Fylkesrådmannen skal løpende konsultere og orientere fylkesutvalet i saka.
  2. Fylkestinget gjev fylkesrådmannen fullmakt til å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og Fjordane Holding AS.
  3. Fylkestinget er innforstått med at det i ei samtidig budsjettssak (budsjett 2017) er sett av midlar til å engasjere eksterne rådgjevarar i det vidare arbeidet med denne saka.
- 

**SAK 128/16 Endringar i budsjettet for 2016**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016**

1. Budsjettert fylkesskatt vert auka med 10,000 mill. kr.
2. Rammetilskotet vert auka med 7,750 mill. kr.
3. Driftsmidlar til investering vert auka med 5,300 mill. kr.
4. Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:

Renteinntekter	21,140 mill. kr
Renteutgifter	51,000 mill. kr
Avdrag	174,538 mill. kr
5. Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 19,337 mill. kr.  
Sektorbudsjetta vert auka med 16,191 mill. kr i samsvar med vedlegg 2.
6. Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter vert auka med 15,000 mill. kr.  
4,400 mill. kr av dette vert nytta til juridisk honorar/konsulentutgifter i 2016. Dei resterande 10,600 mill. kr vert avsett til bufferfondet.
7. Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 3,600 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert auka med 0,800 mill. kr.*  
*Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,400 mill. kr.*  
*Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 3,000 mill. kr.*

8. Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid vert redusert med 2,000 mill. kr. Avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarende.
9. Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 19,196 mill. kr.

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016**

1. I investeringsprogrammet for bygg vert det gjort følgjande endringar:

*EK001 Eigenkapitalinnskot KLP* vert auka med 0,300 mill. kr.

*EK004 Fjord Invest Såkorn AS* vert auka med 5,000 mill. kr.

Finansieringsplanen vert endra slik:

*Driftsmidlar til investering* vert auka med 5,300 mill. kr til samla 25,786 mill. kr.

*Avrekning kjøp av tomt Sogndal vgs.* vert redusert med 2,722 mill. kr til 0,778 mill. kr.

*Lånemidlar 2016* vert auka med 2,707 mill. kr til samla 123,500 mill. kr.

*Mva. kompensasjon* vert auka med 0,015 mill. kr til samla 44,862 mill. kr.

2. Nettoinntekter frå sal av anleggsmidlar vert redusert med 6,650 mill. kr til 6,302 mill. kr. Ekstraordinære avdrag vert redusert tilsvarende.
3. Ekstraordinert utbytte vert auka med 282,000 mill. kr. Avsetjing til ubunde investeringsfond vert auka tilsvarende.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet og Arbeidarpartiet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Det vert løyvd kr. 300 000,- til oppstartløyning for virtuell alarmsentral slik som omsøkt. Dekning ved redusert avsetting til bufferfondet.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet, og tilrådinga frå fylkesrådmannen, vart samråystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

**A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2016**

1. Budsjettert fylkesskatt vert auka med 10,000 mill. kr.
2. Rammetilskotet vert auka med 7,750 mill. kr.
3. Driftsmidlar til investering vert auka med 5,300 mill. kr.
4. Budsjetterte kapitalinntekter- og utgifter vert fordelt slik:

Renteinntekter	21,140 mill. kr
Renteutgifter	51,000 mill. kr
Avdrag	174,538 mill. kr
5. Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 19,337 mill. kr. Sektorbudsjetta vert auka med 16,191 mill. kr i samsvar med vedlegg 2.
6. Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter vert auka med 15,000 mill. kr. 4,400 mill. kr av dette vert nytta til juridisk honorar/konsulentutgifter i 2016. Dei resterande 10,600 mill. kr vert avsett til bufferfondet.
7. Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 3,600 mill. kr med slik fordeling:  
*Teneste 5100 Utgifter til lokale vert auka med 0,800 mill. kr.*  
*Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 1,400 mill. kr.*

*Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 3,000 mill. kr.*

8. Teneste 7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid vert redusert med 2,000 mill. kr.  
Avsetjing til disposisjonsfond vert auka tilsvarende.
9. Teneste 4606 Diverse tilskot vert auka med 0,300 mill. kr.
10. Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 18,896 mill. kr.

**B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2016**

1. I investeringsprogrammet for bygg vert det gjort følgjande endringar:

*EK001 Eigenkapitalinnskot KLP* vert auka med 0,300 mill. kr.

*EK004 Fjord Invest Såkorn AS* vert auka med 5,000 mill. kr.

Finansieringsplanen vert endra slik:

*Driftsmidlar til investering* vert auka med 5,300 mill. kr til samla 25,786 mill. kr.

*Avrekning kjøp av tomt Sogndal vgs.* vert redusert med 2,722 mill. kr til 0,778 mill. kr.

*Lånemidlar 2016* vert auka med 2,707 mill. kr til samla 123,500 mill. kr.

*Mva. kompensasjon* vert auka med 0,015 mill. kr til samla 44,862 mill. kr.

2. Nettoinntekter frå sal av anleggsmidlar vert redusert med 6,650 mill. kr til 6,302 mill. kr. Ekstraordinære avdrag vert redusert tilsvarende.
3. Ekstraordinert utbytte vert auka med 282,000 mill. kr. Avsetjing til ubunde investeringsfond vert auka tilsvarende.

---

**SAK 129/16 Budsjett / økonomiplan 2017-2020**

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Dokumentet «Budsjett 2017/økonomiplan 2017-20» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2017-20.
2. Budsjettreglementet vert vedteke slik det ligg føre i dokumentet «Budsjett 2017/økonomiplan 20017-20».
3. Driftsbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettkjema 1A og 1B, slik:

<b>1 A (tal i mill. kr)</b>	<b>Budsjett 2017</b>
Skatt på inntekt og formue	618,302
Ordinært rammetilskot	1706,993
Skatt på eigedom	0,000
Andre direkte eller indirekte skattar	0,000
Andre generelle statstilskot	69,480
<b>Sum frie disponibile inntekter</b>	<b>2394,775</b>
Renteinntekter og utbytte	82,540
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Renteutgifter, provisjonar og andre finansieringsutgifter	55,000

Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	0,000
Avdrag på lån	141,700
<b>Netto finansinntekter/utgifter</b>	<b>-114,160</b>
Til dekking av tidlegare reknakapsmessig meirforbruk	0,000
Til ubundne avsettingar	59,626
Til bundne avsettingar	0,000
Bruk av tidlegare reknakapsmessig mindreforbruk	0,000
Bruk av ubundne avsettingar	9,340
Bruk av bundne avsettingar	0,000
<b>Netto avsettingar</b>	<b>-50,286</b>
Overført til investeringsbudsjettet	18,900
Til fordeling drift	2211,429
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)</b>	<b>2211,429</b>
<b>Meir/mindreforbruk</b>	<b>0,000</b>

1B (tal i mill. kr)		
	PROGRAMOMRÅDE	Budsjett 2017
<b>400</b>	POLITISK STYRING	45,191
<b>410</b>	KONTROLL OG REVISJON	4,529
<b>420</b>	ADMINISTRASJON	79,791
<b>421</b>	FORVALTNINGSUTG. I EIGEDOMSFORV.	9,419
<b>430</b>	ADMINISTRASJONSLOKALE	5,980
<b>460</b>	TENESTE UΤANOM ORD. FK. ANSVARSOMRÅDE	0,675
<b>480</b>	DIVERSE FELLESUTGIFTER	10,875
<b>715</b>	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	16,818
<b>SUM FORVALTNING</b>		<b>173,278</b>
<b>510</b>	SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR	105,008
<b>515</b>	FELLESUTG./STØTTEFUNKSJONAR VGS	61,656
<b>520</b>	PED. LEIING/FELLESUTG., GJESTEELEVAR	108,652
<b>521-</b>		
<b>532</b>	UTDANNINGSPROGRAMMA	334,036
<b>554</b>	FAGSKULE	24,961
<b>559</b>	LANDSLINER	5,067
<b>561</b>	OPPFØLGINGSTENESTA OG PED./PSYK TENESTE	20,208

<b>562</b>	TILPASSA OPPLÆRING	67,796
<b>570</b>	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	101,319
<b>581</b>	VAKSENOPPLÆRING ETTER OPPLÆRINGSLOVA	10,945
<b>590</b>	ANDRE FØREMÅL	9,415
	<b>SUM OPPLÆRING</b>	<b>849,063</b>
<b>660</b>	TANNHELSETENESTA - FELLESFUNKSJONAR	17,200
<b>665</b>	TANNHELSETENESTA - PASIENTBEHANDLING	64,331
	<b>SUM TANNHELSE</b>	<b>81,531</b>
<b>701</b>	TILRETTEL,/STØTTEF./FINANSIERINGSBISTAND FOR NÆRINGSLIVET	83,217
<b>716</b>	FRILUFTSLIV OG MILJØ	1,962
<b>740</b>	BIBLIOTEK	5,779
<b>750</b>	KULTURMINNEVERN	12,090
<b>760</b>	MUSEUM	15,469
<b>771</b>	KUNSTFORMIDLING	9,912
<b>772</b>	KUNSTPRODUKSJON	11,952
<b>775</b>	IDRETT	2,756
<b>790</b>	ANDRE KULTURAKTIVITETAR	8,232
	<b>SUM NÆRING og KULTUR</b>	<b>151,369</b>
<b>722</b>	FYLKESVEGAR, MILJØ- OG TRAFIKKTRYGGINGSTILTAK	536,585
<b>730</b>	BILRUTER	239,829
<b>731</b>	FYLKESVEGFERJER	129,949
<b>732</b>	BÅTRUTER	94,719
<b>733</b>	TILRETTELAGD TRANSPORT	10,506
	<b>SUM SAMFERDSLE</b>	<b>1011,588</b>
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-55,400
	<b>TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A</b>	<b>2211,429</b>

Innan driftsbudsjettet får hovudutvala høve til å endre fordelinga av rammene i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Hovudutvala sine vedtak må tilpassast dei føringar som ligg i FT sitt budsjettvedtak.

4. Kapitalbudsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan vert vedteke i samsvar med obligatorisk budsjettkjema 2A og 2B. Dette inneber slik finansiering og sektorfordeling:

<b>2A, tal i mill. kr</b>	<b>Budsjett 2017</b>
Investeringar i anleggsmidlar	546,011
Utlån og forskoteringar	0,000
Kjøp av aksjar og andelar	2,000
Avdrag på lån	0,000
Dekking av tidlegare år udekka	0,000
Avsettingar	0,000
<b>Finansieringsbehov inneverande år</b>	<b>548,011</b>
Finansiert slik:	0,000
Bruk av lånemidlar	262,600
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	0,000

Tilskot til investeringar	128,100
Kompensasjon for meirverdiavgift	98,011
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	17,900
Andre inntekter	0,000
Sum ekstern finansiering	506,611
Overført frå driftsbudsjettet	18,900
Bruk av udisponert frå tidlegare år	0,000
Bruk av avsettingar	22,500
<b>Sum finansiering</b>	<b>548,011</b>
<b>Udekkja/udisponert</b>	<b>0,000</b>

<b>2B, tal i mill. kr</b>	<b>Budsjett 2017</b>
Forvaltning og fellesutgifter	10,000
Opplæring	141,411
Tannhelse	5,500
Samferdsle	387,800
Kultur	1,300
Felles inntekter/utgifter	2,000
<b>Sum fordelt - frå 2A</b>	<b>548,011</b>

5. Økonomiplanen sine rammer for 2018-20 skal i utgangspunktet leggjast til grunn for arbeidet med neste års budsjett og økonomiplan.
- 

## **SAK 130/16 Skriv og meldingar fylkesutvalet 23. november 2016**

### **Følgjande skriv og orienteringar vart handsama:**

- 1: Prosess for avvikling av fylkeskommunalt eigarskap
  - 2: Utvikling av den fylkeskommunale bygningsmassen i Førde
  - 3: Notat - Debathefte - KS spør. Mellomoppgjøret 2017
  - 3a: Debathefte - KS spør. Mellomoppgjøret 2017
  - 4: Regionale komitear for medisinsk og helsefagleg forskingsetikk, REK
  - 5: Hydrogen som energibærar på Vestlandet
  - 6: Søknad om oppstartløyving - Alarmsentralen
- 

## **SAK 131/16 Tilskotsordning for hurtigladestasjonar i Sogn og Fjordane 2016 - 2017**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkeskommunen held fram med å ta ei koordinerande rolle i å få på plass hurtigladestasjonar i fylket, og bidreg til oppretting av hurtigladestasjonar ved sentrale knutepunkt eller strekningar som ikkje fell inn under ENOVA si støtteordning.
2. Tilskotsordninga vert revidert dersom det frå statleg hald vert gjort endringar i gjeldande støtteordning gjennom ENOVA, eller ved behov når Regional transportplan og Regional plan for klimaomstilling vert vedtatt.
3. Fylkeskommunen bidreg til etablering av hurtigladestasjonen, ikkje til drift og vedlikehald.
4. Maksimal støtte frå fylkeskommunen er kr 100 000 per prosjekt.
5. Ordninga vert finansiert ved at det vert gjeve løyve til å yte tilskot frå tidlegare avsette midlar til energimerking (konto 25699925). Tilskotsordninga vert avslutta når fondet er tomt.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gjere ei vidare vurdering av eventuelle andre støtteordninger og koplinger til desse. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen fremjar saka på nyt så snart som råd.

**Avrøysting:**

Framleggget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Saka vert utsett. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gjere ei vidare vurdering av eventuelle andre støtteordninger og koplinger til desse. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen fremjar saka på nyt så snart som råd.

---